

DUGNAD

Holmedal montessoriskule har ein lang tradisjon for å arrangere to årlege dognader kvart år, ein rett før 17. mai, og ein i september/oktober. Eksakte datoar for dognadane får de nærmare informasjon om.

I mai vert uteorådet rydda og pynta slik at det ser fint ut til nasjonaldagen, og vi kan gå våren i møte med nyplanta kassar og krukker og nyluka bed. Elles vert det utført anna førefallande arbeid eller enkle reparasjonar som måtte vere naudsynne.

På haustdognaden gjeld det å rydde for vinteren, og elles det som måtte ha komme til av småting sidan vårdognaden.

Dognaden pleier å vare 2 – 3 timar, med innlagt matpause. Då vert det servert kaffi, saft og noko å bite i. Dognadane er ein fin måte å treffast på og vere sosiale med andre foreldre. Det er også alltid mange barn her på dognad, som synest det er kjekt å arbeide i lag med dei voksne og leike i lag med venene sine.

Det beste med dognaden er at vi får gjort mange gode stykke arbeid på kort tid, samstundes som vi har det hyggeleg i lag. Dette arbeidet gjer skulen til ein trivelegare stad å vere for alle som arbeider her, både små og store.

Vi oppmodar difor alle til å delta på dognad i løpet av skuleåret. Om det ikkje passar den eine gongen, så kanskje den andre. ☺

